

## **Forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar, Gjemnes kommune, Møre og Romsdal**

Dato	FOR-2014-09-09-1257
Publisert	II 2014 hefte 4
Ikrafttredelse	09.09.2014
Sist endret	
Endrer	
Gjelder for	Gjemnes kommune, Møre og Romsdal
Hjemmel	<a href="#">LOV-1981-03-13-6-§9, FOR-2001-07-19-1706</a>
Kunngjort	09.10.2014 kl. 15.00
Rettet	
Korttittel	Forskrift om brenning av avfall, Gjemnes

**Heimel:** Fastsett av Gjemnes kommunestyre 9. september 2014 med heimel i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) § 9, jf. delegeringsvedtak 19. juli 2001 nr. 1706.

### **§ 1. Formål**

Føremålet med forskrifta er å hindre forureining og helseproblem, som følge av open brenning og brenning av avfall.

### **§ 2. Verkeområde**

Forskrifta gjeld for open brenning og brenning av avfall i småomnar innanfor bustadområder i kommunen.

### **§ 3. Definisjonar av uttrykk i forskrifta**

- a) *Open brenning:* All brenning som skjer utandørs.
- b) *Småomnar:* Forbrenningsomnar som ikkje har godkjennin frå miljødirektoratet eller fylkesmannen eller er godkjent etter statlege forskrifter etter forureningsloven.
- c) *Bustadområder:* Byggeområde for bustader, jf. plan- og bygningsloven § 20-4 første ledd nr. 1.

### **§ 4. Forbod mot open brenning og brenning av avfall i småomnar**

Open brenning og brenning av avfall i småomnar er forbode, med mindre anna følgjer av forskriftens § 5.

### **§ 5. Unntak frå forbodet**

Følgjande brenning er likevel godkjent:

- a) Open brenning frå grill, utepeis og kaffibål.
- b) Brenning av avfallstrevirke i vedomn for varmeutnytting, med unnatak av impregnert og malt trevirke.

- c) Bruk av avispapir og liknande til opptenning av vedomnar. Det er ikkje løyve til å kvitte seg med avfall på denne måten.
- d) Brannøvingar i regi Gjemnes brannvesen, inkl. fullskala øvingar med nedbrenning av bygningar.
- e) Brenning av sankthansbål, etter søknad til brannvesenet. Tillating til brenning blir gitt under følgjande føresetnader:
  - 1) Bålarrangementet skal gjennomførast av ein ansvarleg person som brannvesenet godkjenner. Denne har ansvaret for at det ikkje oppstår brannfare grunna gnistar og nærliggande brennbart materiale, og har ansvaret for punkta nedanfor:
  - 2) Sløkkeutstyr slik som hageslange eller bøtter med vatn skal være i beredskap.
  - 3) All varme skal vera sløkt før den ansvarlege dreg frå bålplassen.
  - 4) Til bålbrenninga må berre nyttast trematerialar, og ikkje gjenstandar eller stoff som ved brenning gjev vesentleg lukt eller sot.
  - 5) Det blir ikkje gjeve løyve til avfallsbrenning.
  - 6) Samtykke frå grunneigar skal innhentast.
  - 7) Bålarrangementet må ikkje påføre nærliggande områder vesentlege ulemper.
- f) Bråtebrenning og brenning av små mengder hageavfall utenfor tettbygd strøk om våren og der avstanden mellom boligene er større enn 100 meter.

#### **§ 6. Dispensasjon**

Brannsjefen kan etter søknad, i særlige høve gi dispensasjon frå forbodet i § 4.

#### **§ 7. Tilsyn**

Kommunen fører tilsyn med at denne forskriften vert overhalden.

#### **§ 8. Klage**

Vedtak fatta av brannsjefen i kommunen i medhald av denne forskriften kan klagast til formannskapet, eller fylkesmannen dersom vedtaket er fatta av kommunestyret.

#### **§ 9. Straff**

Brot på forskriften kan medføre straffeansvar, sjå forureiningslovens § 78.

#### **§ 10. Iverksetting**

Denne forskriften trer i kraft straks.